



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato
19.12.2017
Dykkar dato
19.12.2017

Vår referanse
2017/15509
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Løyving - Klima- og miljøprogram 2017 - Innsamling landbruksplast Nordhordland – Radøy kommune

Vi viser til dykkar søknad av 19. desember om tilskot til permanent leveringspunkt for landbruksplast. Søknaden er handsama etter retningslinene for klima- og miljøprogrammet for Hordaland.

Vedtak: Fylkesmannen i Hordaland løyver kr 12.500,- til Radøy kommune i tilskot til opparbeiding av eit første innleveringspunkt for landbruksplast.

Vilkår og utbetaling

- Arbeidsfrist: Tiltaket skal gjennomførast og rapporterast innan **30. januar 2020**.
- Oppmoding om sluttutbetaling og kontonummer skal leggjast ved sluttrapport og revidert prosjektrekneskap. Sluttrapporten må innehalde dei viktigaste erfaringane frå etableringa, til hjelp for andre som skal gjere tilsvarande.
- Reduserte kostnader i høve budsjett vil vanlegvis føre til tilsvarande reduksjon i tilskotsutbetaling. Andre avvik frå vilkår eller prosjektskildring kan og medføre avkorting.

Vurdering

Det er viktig å unngå at landbruksplast kjem på avvege. Ved å leggje til rette for praktisk levering når det er behov, vil det bli enklare å levere landbruksplast. Gardbrukaren vil då sleppe å samle opp plast over lengre tid for å vente på ein bestemt hentedag. Eit mottakspunkt må vere tilrettelagt i høve til HMS, at plasten ikkje blir teke av vinden og at det er praktisk å bruke utan å gi unødige ulemper for andre. Fylkesmannen vurderer at dette er eit viktig tiltak for å auke andelen av landbruksplast som blir resirkulert. Vi har ikkje meir pengar att i klima- og miljøprogrammet no enn kr 12.500,- Det er høve til å søkje om meir tilskot til slikt prosjekt ved seinare utlysingar, også som tilleggssøknad til same innleveringspunktet.

Klagerett

Mottakar har rett til å klage. Klagen skal stilast landbruksdirektoratet, postboks 8140 Dep, 0033 Oslo, og sendast Fylkesmannen ved landbruksavdelinga. Klaga bør vere grunngjeve jf. § 32 i forvaltningslova. Klagefrist er tre veker frå dagen de mottar denne løyvinga.

Med helsing

Dirk Kohlmann
Ass. Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.